

# Søknad om tilskot til lokalt trafikksikringsarrangement

## Om søkjar

### Søkjar

<b>Namn på verksemd</b>	TRYGG TRAFIKK
<b>Org.nummer</b>	970133410
<b>Type verksemd</b>	organisasjon
<b>Postadresse</b>	Tullins gate 2
<b>Postnr./-sted</b>	0166 OSLO

### Kontaktperson

<b>Namn</b>	Knut Olav Nestås
<b>Telefon</b>	41206132
<b>E-post</b>	nestas@tryggtrafikk.no

## Om arrangementet

<b>Saksnummer</b>	2020/6
<b>Namn på arrangement</b>	Sykkellysaksjonen #bruksykkellys 2020
<b>Søknaden gjeld følgjande type arrangement og trafikantar</b>	Sykkel Barneskule og ungdomsskule Vidaregåande skule Vaksne Eldre

### Om prosjektet

<b>Beskrivelse av prosjektet</b>	Etter gode erfaringar frå gjennomføring av #bruksykkellys i samarbeid med tidl. Hordaland fylkeskommune, Miljøløftet, NCF, SLF og politiet i 2019, vil me gjerne gjera nye framstøyt mot auka bruk av sykkellys når mørketida nærmar seg i 2020. Målet er å markera kor viktig det er å utstyra syklane med lys i mørkesesongen. Sidan stoda kring Covid 19 er usikker kjem me til å ta initiativ til samarbeid og utsending av lykter til sykkelbyar, foreiningar, lag, skular og andre interessantar, framfor eigne fysiske arrangement som me hadde i 2019. Om smittesituasjonen betrar seg utover hausten,
----------------------------------	--

kan også fysiske aksjonar bli aktuelt. Samarbeidet med Sykkelkids blir vidareført, slik at me når ut til mange skuleborn også i 2020.

**Korleis er arrangementet med på å styrke trafikktryggleiken?**

Både TØI si ts-handbok, TØI-rapporten "Synlige syklistar - bruk av sykkellys i Norge og effekt på ulykker" og Statens vegvesen sin temaanalyse av sykkelulykker for perioden 2005-2012, viser at det er eit potensial for å redusera tal ulykker om fleire bruker ljós. Vurdert effekt varierer, men TØI meiner tal skadde og drepne kan reduserast med 10% om alle sykklar med ljós. I tillegg er det verd å nemna ein vurdert førebyggjande effekt, særleg om det blir fleire syklistar i tråd med politiske målsetjingar.

**Samarbeidspartnarar korleis deltek dei?**

Tiltaket er utvikla i samarbeid mellom tidl. Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Trygg Trafikk. Her er naturlege samarbeidspartnarar i 2020 også. Tilsvarande er Sykkelkids ein naturleg operativ samarbeidspartnar for å nå skulane dei skal på om hausten. Me vil også ta initiativ til samarbeid med SLF og politiet (som i 2019) for å gjera noko saman om det anten blir informasjonsarbeid eller fysiske aksjonar og/eller kontrollar.

**Har det vore søkt om midlar til dette arrangementet tidlegare?**

Ja

**Dato for start og slutt for prosjektet**

Frå 14-09-2020 til 13-11-2020

**Namn på kommune og stad der arrangementet skal gjennomførast**

Bergen, men me vil òg prioritera utsending til andre kommunar./sykkelbyar, lag, foreiningar.

## Budsjett

### Søknadssum til Hordaland fylkeskommune

NOK 150 000

### Utgifter

Utgift	Beløp
Marknadsføring, trykking av materiell og annonsering	50 000
Innkjøp av lykter	100 000
Bidrag frå samarbeidspartnarar i form av lykter, undervisningsopplegg, personalkostnad m.v.	50 000
<b>Totale utgifter</b>	<b>200 000</b>

## Inntekter

Inntekt	Beløp
FTU	150 000
Bidrag frå samarbeidspartnarar i form av lykter, undervisningsopplegg, personalkostnad m.v.	50 000
<b>Totale inntekter</b>	<b>200 000</b>

## Vedlegg